



Fylkesmannen i Vestland

Bjørnafjorden kommune
Postboks 24
5649 EIKELANDSOSEN

Vår dato:
12.06.2020

Dykkar dato:
24.02.2020

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Bjørnafjorden kommune – budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023

Bjørnafjorden kommunestyre har i møtet 17.12.2019, sak 37/2019, handsama og vedteke budsjett 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparinger. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunen følgje opp.

Som følgje av koronautbrotet får kommunane utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunens opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av koronautbrotet særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

Oppsummering:

Bjørnafjorden kommune, ei samanslåing mellom kommunane Os og Fusa, har samanlikna med andre kommunar ein god økonomisk buffer gjennom høg fri eigenkapital i drifta. Men økonomiplanen viser store økonomiske utfordringar frå 2021. Kommunen skal difor gjennomføre omstillingsprosjektet «Bjørnafjorden 22», med sikte på å få ein langsiktig berekraftig økonomi. Kommunen har høg lånegjeld, som er planlagt å auke vidare i økonomiplanperioden. Fylkesmannen er uroa for det høge gjeldsnivået og oppmodar difor sterkt å redusere lånepotaka, og i større grad bygge opp eigenkapitalfond som finansieringskjelde til investeringar.

Innsparingane knytte til «Bjørnafjorden 22» er lagt inn med forventa økonomisk effekt på Fellesområdet, og kommunestyret har difor ikkje teke stilling til korleis dei skal fordelast på sektorane. Det siste er i strid med kommunelova, og er grunnlag for innmelding i Robek-registeret. Men ut frå kommunens noverande økonomiske situasjon, vurderer Fylkesmannen at det likevel ikkje er behov for å føre kontroll med budsjett og lånepotak. Departementet har følgt opp dette, og gjort vedtak om at det ikkje er behov for å registrere Bjørnafjorden i Robek med grunnlag i kommunens noverande økonomiske situasjon.



Ved handsaming og vedtak av budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024 må kommunen etter regelverket følgje opp at innsparingar og utgiftsreduksjonar etter kommunestyrets prioriteringar blir fordele på dei enkelte sektorområda.

Kommunelov med forskrift for økonomiforvaltninga

Vi viser til vårt brev av 07.11.2019 om handsaming og innsending av budsjett og økonomiplan til Fylkesmannen. I brevet er det omtalt at budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 skal vere utarbeidd, vedteke og oppsett etter ny kommunelov med tilhøyrande forskrift for økonomiforvaltninga. I forskrifa for økonomiplan og årsbudsjett er det m.a. krav om følgjande nye økonomiske oversikter:

- løyvingsoversikter drift etter forskrifa § 5-4
- løyvingsoversikter investeringar etter forskrifa § 5-5
- økonomisk oversikt drift etter art, jf. forskrifa § 5-6
- oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i planperioden, jf. forskrifa § 5-7.

Etter oppfølging frå Fylkesmannen har kommunen oppdaterte økonomiske oversikter etter kommunestyrevedtaket, lov og forskrift.

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Kommunen har utarbeidd eit nytt økonomireglement med m.a. følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

- Budsjettet resultatgrad skal minst vere 1,75 prosent.
- Budsjettet avdrag skal minst vere 4 prosent av lånegjelda, eks. vidareutlån.
- 25 prosent av ordinære investeringsprosjekt skal vere finansiert med eigenkapital.

Budsjett 2020

Kommunen budsjetterer med eit netto driftsresultat på - 22,4 mill. kroner, som utgjer - 1,1 prosent av driftsinntektene. For å få til balanse i budsjettet er det lagt inn bruk av 12,7 mill. kroner frå disposisjonsfondet. Etter førebelse Kostra-tal¹ for 2019 har Os og Fusa til saman 428 mill. kroner i disposisjonsfond med seg over til Bjørnafjorden kommune. I tillegg rapporterer Os om eit mindreforbruk (overskot) i 2019 på 66,3 mill. og Fusa eit meirforbruk (underskot) på 7,1 mill. kroner. Fri eigenkapital drift i prosent av driftsinntekter er etter dette vel 22 prosent ved inngangen til Bjørnafjorden kommune. Gjennomsnittet for alle kommunane i landet (eks. Oslo) er 11,7 prosent.

Skatteinntekter og rammetilskot er budsjettet med 1087 mill. kroner. KS sin modell etter oppdaterte folketal per 01.01.20 viser ein prognose på 1083 mill. kroner. Bjørnafjorden auka folketalet i 2019 med 243 personar, som utgjer ein prosent. Veksten for heile landet var 0,7 prosent. Det er budsjettet med 20,6 mill. kroner i inntekter frå Havbruksfondet og 21,6 mill. kroner i reformtilskot knytt til kommunesamanslåinga. Avdrag er budsjettet med fire prosent av lånegjelda eks. lån for vidare utlån, som betyr ei gjennomsnittleg nedbetalingstid på 25 år. Det skal ikkje skrivast ut eigedomsskatt.

Kommunen budsjetterer med investeringar i anleggsmidlar på 482 mill. kroner, finansiert med nye låneopptak på 403,6 mill. kroner og resterande med momskompensasjon og bruk av fond. Avdrag er

¹ Kostra-konserntal



budsjettert med 107 mill. kroner. Etter førebelse Kostra-tal² for 2019 har Os og Fusa til saman 2,9 mrd. kroner i langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar), som utgjer 130 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet (eks. Oslo)³ er 110 prosent. Netto renteeksponering er for tidlegare Os kommune 44 prosent. Det betyr at ein renteauke på 1 prosent isolert sett vil belaste 0,44 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet (eks. Oslo) er 47 prosent. I tillegg vil samansetjinga av låneporteføljen mellom flytande og fast rente, ha betydning for verknader av renteendringar.

Økonomiplan 2020 – 2023

Det er for kvart år i perioden 2021 – 2023 budsjettert med negative netto driftsresultat på – 0,5 prosent. Bruk av disposisjonsfond for å balansere drifta er kvart år budsjettert med 1,3 mill. kroner. Dette er etter at det er budsjettet med betydelege innsparingar, og i budsjettframlegget er det omtalt at kommunen får store økonomiske utfordringar frå 2021. Kommunen skal difor gjennomføre omstilingsprosjektet «Bjørnafjorden 22», med siktet på å få ein langsiktig berekraftig økonomi. Kommunestyret har sluttat seg til dette. Innsparingane er lagt inn med forventa økonomisk effekt på Fellesområde (folkevalde organ) med 60,5 mill. i 2021, 66,6 mill. i 2022 og 62,1 mill. kroner i 2023. Kommunestyret har såleis ikkje teke stilling til korleis innsparingane skal fordelast på sektorane.

Skatt og rammetilskot er budsjettert på same nivå som for 2020, men det er ikkje teke omsyn til at kompensasjonen for redusert veksttilskot på 3 mill. kroner i 2020 blir fasa heilt ut frå 2022.

I perioden 2021 – 2023 planlegg kommunen investeringar i anleggsmidlar på 866 mill. kroner, finansiert med nye låneopptak på 730 mill. kroner og resten med momskompensasjon og bruk av fond. Høge låneopptak både i 2020 og 2021 skal sluttføre investeringsprosjekt som er starta opp i dei to tidlegare kommunane. Ved utgangen av 2023 er det budsjettet med ei lånegjeld på 3,4 mrd. kroner, som betyr at brutto lånegjeld vil auke til 160 % av budsjetterte driftsinntekter. Administrasjonen skriv at dei er uroa over gjeldsnivået og vil signalisere at kommunen frå 2022 må redusere låneopptaka sine vesentleg og i større grad byggje opp eigenkapitalfond som finansieringskjelde.

Fylkesmannens vurderinger

Før bruk av bundne driftsfond er det i budsjett og økonomiplan budsjettert med negative netto driftsresultat. TBUs⁴ norm er på 1,75 %, som er det anbefalte resultatet kommunane bør ligge på over tid for å ha ein sunn økonomi. Dette er òg eit framtidig måltal for Bjørnafjorden kommune, som må gjennomførast for å oppretthalde ein frå før høg fri eigenkapital og bidra til eigenfinansiering av investeringar.

Etter at lånegjelda alt er høg ved inngangen til Bjørnafjorden kommune, er Fylkesmannen uroa for at kommunen planlegg ein vidare auke som er vesentleg sterkare enn veksten i driftsinntektene. Dette betyr auka finansutgifter, og den nye kommunen blir meir sårbar for ein eventuell auke i renta fram i tid, som igjen får konsekvensar for midlar som skal brukast til tenester for innbyggjarane. Fylkesmannen oppmodar difor sterkt å redusere låneopptaka, og i større grad byggje opp eigenkapitalfond som finansieringskjelde til investeringar.

² og ³ Kostra-konserntal 2019

⁴ Teknisk beregningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi



I netto driftsresultat ligg det inne økonomisk effekt av innsparingar gjennom omstillingsprosjektet «Bjørnafjorden 22», men utan at innsparingane er fordelt ut på sektorane. Dette er i strid med Robek-regelverket etter kommunelova § 28-1 første ledd, som slår fast at innsparingar/utgiftsreduksjonar som kommunestyret vedtar for å kunne oppnå ein plan eller eit budsjett i balanse, må fordelast på dei enkelte tenesteområda og trekke ned dei ulike løyingane etter kommunestyrets prioriteringar. Men sjølv om det er tilhøve i økonomiplanen som tilseier at kommunen skal meldast inn i Robek, vurderer Fylkesmannen ut frå kommunens økonomiske situasjon i dag at det likevel ikkje er behov for å føre kontroll med budsjett og låneopptak. Etter kommunelova § 28-1 andre ledd er det departementet som tek avgjerd om at ein kommune som etter første ledd skal meldast inn i Robek, likevel ikkje skal førast inn i Robek-registeret. Dette er med grunnlag i at det tydeleg ikkje er behov for å kontrollere kommunens budsjett eller låneopptak. Departementet har følgt opp dette og gjort vedtak om at det ikkje er behov for å registrere Bjørnafjorden i Robek med grunnlag i kommunens økonomiske situasjon i dag.

Ved handsaming og vedtak av budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024, må kommunen etter regelverket følgje opp at innsparingar/utgiftsreduksjonar etter kommunestyrets prioriteringar blir fordelte på dei enkelte sektorområda.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent